



--

Arkiv saknr:	2013/1002
Løpenr.:	7051/2013
Arkivkode:	V21

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet	29.05.2013	13/50

Sakshandsamar: Thor Christiansen

Høring - forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord

Vedlegg/dokument i saka:

- 1 Høyringsbrev
- 2 Forskrift

Bakgrunn:

Landbruks- og Matdepartementet har sendt ut på høring ny forskrift om tilskot til drenering av jordbruksareal. Høyringsfrist er 31. mai. Tilskotsramma blir fordelt til fylka ut frå storleik på fulldyrka areal, der korn, grønsaks- og potetareal veg dobbelt.

Tilskottet skal berre gjevast til fornying av grøfter. Det er forslag om eit tilskott på 1 000 kr pr. dekar ved systematisk grøfting (drenering som dekker eit avgrensa areal med ei fast avstand mellom grøftene). I forskrifta er det vidare forslag om at det ved anna grøfting kan gjevast 10 kr pr. løpemeter grøft, avgrensa til 1 000 kr pr. dekar. Tilskot under kr 5 000,- vert ikkje utbetalt.

Det er sett vilkår om at søkjar må utarbeide miljøplan trinn 2 for å søkje tilskot, det vil seie ei plan knytt til særskilte miljøformål i jordbruket, og skal innehalde målsetjing for miljøinnsats, planar for tiltak og dokumentasjon på gjennomføring. I høve til grøftetilskot er det sett krav om at kjennskap til kulturminne skal kartleggjast, samt at eventuelle uheldige konsekvensar på naturmangfald og vassførekomstar skal vurderast.

Det er kommunen som skal fatte vedtak om tilskott. Kulturminnemyndighetene skal uttale seg når tiltaket kan røre ved interesser innafor deira fagområde. Det skal ikkje gjevast tilskott til grøfting som er starta før tilskott er løyvd. Dersom det blir søkt om meir midlar enn det som er tilgjengeleg, skal tiltak som både gir auka jordbruksproduksjon og reduserer faren for vassforureining prioriterast.

Vinje kommune har i mange år gjeve tilskot til grøfting – kr 40,- pr. meter, som blei auka til kr 60,- pr. meter frå 2013. Kostnaden ligg i snitt på om lag kr 180,- pr meter. Det er sidan 2008 løyvd grøftetilskot til om lag 10 200 meter, der nesten halvparten - 4800 meter - blei omsøkt i 2012. Det er omtrent ikkje systematisk grøfting i Vinje.

Vurdering:

Aukande nedbør dei siste åra i kombinasjon med bruk av tyngre maskiner gjer at det er stor trong for grøfting – både på nye teigar, samt vedlikehald av gamle grøfter. Då føremålet med forskrifta er å auke kvaliteten på jordbruksjord med potensiale for auka produktivitet ved drenering synast det underleg at tilskotet skal avgrensas til vedlikehald av eldre grøfter, jf. § 3, 1 ledd. Medan anna areal då kan blir liggjande vassjukt på grunn av endra klima og drifts-metodar. Det kan og vere problematisk å dokumentere tidlegare grøfting, særleg på leigejord.

Tilskotet på kr 10,- pr. meter utgjer om lag 6% av normal grøftekostnad i Vinje, der snittlengde på grøftene ved søknad om kommunalt grøftetilskot var på om lag 300 meter. Minstekrav til tilskot er 500 meter, jf. § 4. Låg tilskotssats pr. dekar, samt minstesats gjer at gjeldane forslaget om tilskot til grøfting neppe får verknad for Vinje kommune.

Det synast unødvendig byråkratisk å krevje miljøplan 2 med tilhøyrande dokumentasjon for å få tilskot til grøfting, jf. 3, 2 ledd. Ein har dyrka opp areal for matproduksjon, og det synast lite teneleg å la dette - i verste fall -forfalle av omsyn til eventuelle kulturminne i jorda og naturmangfald. Det vert synt til forskrift om nydyrking der omsyn til kulturminne er ivareteke ved at regional kulturminnemyndigheit skal ha høve til å uttale seg.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Vinje kommune ser det som positivt med ei statleg ordning med tilskot til drenering av jordbruksareal. Ein ser likevel at kombinasjonen låg tilskotssats, minstesats og krav til dokumentasjon vil gjere denne ordninga lite attraktiv i Vinje. Ein vil derfor tilrå følgjande endringar:

- * tilskot kan og gjevast til tidlegare ugrøfta areal, jf. § 3, 1 ledd**
- * ved anna grøfting kan det gjevast tilskot på kr 20,- pr. meter grøft, jf. § 4**
- * minste utbetaling blir sett til kr 1000,-, jf. § 4**
- * krav til miljøplan 2 blir fjerna, jf. § 3, 2 ledd. Det blir i staden synt til § 9, 2 ledd i forskrift om nydyrking**

Rådmannen,

Hans Kristian Lehmann, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 29.05.2013:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.